

Blod – trygt å gi, trygt å få

Statens helsetilsyn skal i tråd med blodforskrifta undersøkje om helseføretaka gjennom internkontrollen og kvalitetsstyringssystemet sikrar dei aktivitetane som er nødvendige for å gi eit høgt nivå for vern av blodgivarar og blodmottakarar.

Hovudmerksemda i 2008 og 2009 er retta mot

- å sikre identitet i alle ledd frå blodgivar til pasient
- å hindre smitteoverføring
- å sikre blod av rett kvalitet, til rett pasient
- temperaturkontroll under lagring og transport av blod og blodkomponentar.

For å handtere desse faglege aktivitetane på ein sikker måte er det nødvendig med systematisk leiing, organisering og styring. I denne samanhengen er det vesentleg at blodbanken har god kommunikasjon og samhandling med andre avdelingar og helseføretak. Andre viktige forhold er styring av kompetanse, retningslinjer, prosedyrar, avvikshandteringssystem og interne revisjonar. I tillegg er det krav om at leiinga er kjend med og følgjer opp faglege driftsresultat.

Blodforskrifta blei endra 1. januar 2007. Ho er utforma med bakgrunn i EU-direktiv og pålegg Statens helsetilsyn å føre tilsyn med alle blodbankane i landet annakvart år. For å førebu dette tilsynet og gjere det mest mogleg

føremålstenleg har Statens helsetilsyn i 2007 hatt fleire møte med fagmiljøa der vi har sett på tilgjengeleg kunnskap om kva aktivitetar som oftast er utsette for svikt. I Helsetilsynet ønskjer vi å vere opptekne av dei forholda som er mest risikofylte for givarar og mottakarar av blod og blodkomponentar. Reglane i blodforskrifta er detaljerte både faglege og når det gjeld styring og kvalitetssikring. Det gjer det mogleg å bruke ulike tilnærmingar og metodar for tilsyn.

Tilsynet i 2008 blir gjennomførte ved å granske dokument som blodbankane skal ha i tråd med forskrifta. Eventuelle tilsynsbesøk med synfaringar og stikkprøver blir gjennomført i dei tilfella der det blir vurdert at det er nødvendig. Denne tilnærminga blir heile tida evaluert, og ho blir justert dersom det er nødvendig.

I 2008 skal det først tilsyn med blodbankar ved ca halvparten av helseføretaka. Resten av blodbankane får tilsyn i 2009. Etter avslutta tilsyn blir det laga ein nasjonal oppsummeringsrapport.